

NVE – Konesjonsavdelinga
v/saksbehandlar Matilde Anker,
Postboks 5091 Majorstua,
0301 Oslo.

Hyen 05.05.2014

Dykkar ref.: NVE 201206662-11 kn/man

SFE Nett har søkt om løyve til å byggje ein ny 132kV kraftleidning frå Gjengedal i Gloppen til Storebru/Agledal i Flora. Søknaden er ute på høyring med søknadsfrist 10. mai 2014.

Vi er ei gruppe eksisterande og potensielle småkraftprodusentar i Hyen som, av ulike grunnar, har sett fram til ei forsterkning av eksisterande nett eller bygging av ei heilt ny linje i området. Eksisterande 22kV-linje har fullt utnytta kapasitet, noko som fører til relativt store marginaltap, og dermed store innmatingskostnader for dei eksisterande kraftverka. For fallrettseigarar med planar om utbygging, er det ikkje plass for straumen på den eksisterande linja.

Av konesjonssøknaden går det fram at det er planar om å søkje NVE om å få godkjent den nye linja med tilhøyrande transformatorstasjonar som eit produksjonsrelatert nett. Etter det ein kjenner til vil dette i så fall bli den einaste linja i SFE sitt nett med ein slik status, der linja samstundes har nytteverdi for forbrukskundar i området.

Søkjaren skriv følgjande:

"Vert heile investeringa definert som produksjonsrelatert nett, vil inntektsramma for anlegga bety ei ekstra nettleige kring 3,2 øre/kWh for all produksjon i dette nettet om alle konesjonssøkte kraftverk vert realiserte. Med dagens regelverk er det truleg at mykje av det konesjonssøkte nettet vil få status som produksjonsrelatert nett".

Det går ikkje fram av søknaden kva slags metode ein legg til grunn for berekning av den ekstra nettleiga på 3,2 øre/kWh, eller om det er differensiering avhengig av lokalisering eller andre tilhøve. Dersom netto auke i nettleige vert 3,2 øre/kWh som følgje av produksjonsrelatert nett, utgjer dette ei ekstra nettleige på 32.000 kr/GWh. For Hope Energi med ein middelproduksjon på 19.2 GWh vil dette utgjere 614.000 kr/år. Tilsvarande for Rongkleiv Kraft med 12,3 GWh vil vere 393.000 kr/år og for Heimseta Kraft med 4.6 GWh vil ekstrakostnaden bli 147.000 kr/år.

Dersom den nye linja blir kategorisert som ei produksjonslinje, må dei som matar straum inn på linja i hovudsak ta kostnadane med bygging og drift etter det som går fram av den føreliggande konesjonssøknaden. I staden for ein venta reduksjon i innmatingskostnadane, vil ei ny 132kV-linje medføre ein kraftig auke i innmatingskostnadane, noko som vil råke både gamle og eventuelle nye kraftprodusentar. Med dei kraftprisar vi har no og med prognosar for lite eller ingen stigning i pris framover, er dette dramatisk.

Eksisterande kraftverk, som i hovudsak er eigde av fallrettshavarane sjølve, kan risikere å gå med tap, noko som kan bety at småkraftverk må seljast til norske eller utanlandske aktørar. For fallrettseigarar med planar om utbygging, kan den urimeleg høge innmatingskostnaden bety at dei må skrinlegge elles lønsame utbyggingar. Dei har moglegheit til å la vere å investere, medan dei som alt har investert og sett seg i høg gjeld som må betenast, ikkje har den moglegheita og kjem i

ein håplaus situasjon.

I den seinare tid har lønsemda i det tradisjonelle jordbruket gått markert tilbake med vedvarande nedlegging av gardsbruk som resultat. Inntekter frå drift av kraftverk har hittil blitt sett på som ei av få næringar som kan medverke til å bremse fråflytting frå grisgrendte strøk. Ved generasjonsskifte har nye eigarar basert seg på inntekter frå eksisterande kraftverk for å ha eit inntektsgrunnlag å leve av.

Det vil vere sterkt å beklage dersom dette har skjedd på feil grunnlag som følgje av uføreseielege rammevilkår i småkraftnæringa. I så fall vil dette ikkje vere første gongen det skjer. Ein minner i denne samanheng om lovnad om elsertifikat, som mellom anna Rognkleiv Kraft og Hope Energi var førespegla ved byggjeart, men som ikkje vart noko av. Samla sett er endra rammevilkår ved etablering av produksjonsrelatert nett og brotne politiske lovnader om elsertifikat svært negative for lønsemda i nemnde kraftverk.

Eksisterande småkraftprodusentar som leverer straum til den noverande 22kV-linja gjennom Hyen er, som nemnt, Hope Energi AS, Rongkleiv Kraft AS og Heimseta Kraft AS. Dei to sistnemnde er eigde av grunneigarar som får store delar av den nye linja over eigedomane sine med dei miljømessige og næringsmessige ulempene det naturlegvis har. Dei har betalt anleggsbidrag til den eksisterande 22kV-linja, og i tillegg høge innmatingskostnader. No kan dei få ei ny linje, som dei strengt sagt ikkje har bruk for, over eigedomane sine, og må attpå til betale ein kraftig auka innmatingskostnader. Det set dei i ein håplaus situasjon, og dei ser seg nøydde til å setje seg i mot at den nye linja vert bygt.

Samfunnet vil ha ny fornybar energi, og denne må nødvendigvis produserast i distrikt som vårt der vassfall finst. Straumen må like nødvendigvis transporterast dit han skal brukast. Det er heilt urimeleg at kostnadane med nettet, anten det gjeld forbruk eller produksjon, skal betalast der straumen blir produsert. Det må kallast ein systemfeil, og vårt krav er at det må skje ei utjamning av nettkostnadane i heile landet.

Det er NVE som tolkar regelverket om korleis straumnettet skal finansierast. Vi er klar over at det truleg må ei regelendring til for å rette opp dei skeive forholda. Difor har vi teke initiativ til eit møte med sentrale og lokale politikarar der vi vil orientere om problemstillingane vi har peika på ovanfor.

Inntil det har kome ei regelendring som gjev ei rettferdig utjamning av nettkostnadane, går underteikna i mot at det vert gjeve konsesjon for bygging av ei ny 132kV-linje frå Gjengedal til Storebru/Agledal.

Rongkleiv Kraft AS	Hope Energi AS	Heimseta Kraft AS	Aa Energi AS S.U.S.
<i>Eivind Otho Rønnekleiv</i>	<i>Eirik Hope</i>	<i>Magnar Kvernli</i>	<i>Jon Ljor Gundersen</i>
Kaldelva Kraftverk	Røyrvik Kraft SUS	Norsk Grønkraft AS (Eimhjellen)	Solheim Småkraft AS
<i>Ola Solheim</i>	<i>Jostein A. Røyrvik</i>	<i>Nils-Magnus Øverstedt</i>	<i>Ola Solheim</i>
Vestre Hyen Grunneigarlag		Austre Hyen Grunneigarlag	